



Oktober 2021

Leige LANDBRUKSVIKAR og AVLØYSAR

Praktisk

Landbruksvikaren og avløyseren ønskjer å gjere ein best muleg jobb på garden:

- Bonden eller ansvarleg bør vere tilstades fyrste gong landbruksvikaren og avløyseren skal arbeide på gardsbruket

HUGS:

- Skriftleg rutine for vaskeprosessen av mjølkeanlegget
- Beredskapsplan: Info om stoppekrantar, sikringsskåp, brannsløkkingsapparat
- Telefonnummer til kontaktperson på gardsbruket, veterinær og naudnummer
- Oppdaterte fjøstavler: Sjuke dyr må merkjast. Rett kraftfôrmengde er viktig
- Fyrstehjelpsskrin
- HMS – Data-blad (for kjemikaliar) – kvar finst dei?

Trygg arbeidsplass, HMS

Bonden som oppdragsgjevar er ansvarleg for HMS på garden. I følge arbeidsmiljølova:

”Sikre eit arbeidsmiljø som gjev grunnlag for ein helsefremjande og meningsfylt arbeidssituasjon. Full tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader. Velferdsmessig standard som til ei kvar tid er i samsvar med den teknologiske og sosiale utvikling i samfunnet”. Opplæring skal dokumenterast. *Sjå HMS-delen i KSL-permen og websida vår.*
- Avløserlagene har ikke plikt til å stille med landbruksvikar dersom arbeidsforholdene i produksjonen strider med gjeldende krav til helse, miljø og sikkerhet. Sjå landbruksvikarforskriften paragraf 2.

Landbruksvikarforskriften

https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/soke-om-tilskudd-til-landbruksvikarvirksomhet/forskrift-om-tilskot-til-landbruksvikarordninga-kommentarer-til-regelverk/_attachment/inline/1edfb010-8a56-477c-8b66-944bc030ff1a:72376d54d8c22b572b6b6e218552d83c6a4f6ff0/forskrift-om-tilskot-til-landbruksvikarordninga-kommentarer-til-regelverk-autogenerert.pdf

Arbeidstida

Landbruksvikaren skal arbeide 7,5 timar pr. dag inkludert køyretid. Andre tilsette arbeider på ordinær timebasis. Arbeidstakaren skal ha høve til å vaske og stelle seg på garden. Så snart det let seg gjere skal det skaffast eigna opphalds-/matrom. Sjå elles arbeidsmiljølova med gjeldande forskrift. Vanleg praksis er at avløyseren og landbruksvikaren et nista si ved kjøkenbordet på garden og utvekslar informasjon med bonden, når han er heime, om fjøsarbeidet og gardsdrifta generelt. ☺

Tieieplikt

Våre tilsette har arbeids-, lojalitets- og tieieplikt.

Bonden har også tieieplikt om alt som gjeld landbruksvikaren og avløyseren sitt arbeid.

Timelister og anna dokumentasjon

Me brukar elektroniske timelister, WebTemp, men og papirlister og e-post.



Timelister med underskrifter skal leverast til administrasjonen innan den 30. i kvar månad. Tilleggsdokumentasjon ved sjukdom og sjukmelding. Søknadsskjema:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/soke-tilskudd-til-avlosning-ved-sykdom-og-fodsel>

Ansvarsforsikring

Dersom det skjer ein skade forårsaka av våre tilsette må dette meldast inn til administrasjonen. Laget har ansvarsforsikring som de kan lese meir om på www.landbrukstenester-sogn.no

Prisar for leige av landbruksvikar vert justert kvart år.

Sjå www.landbrukstenester-sogn.no